



**NORSK FORENING FOR KIRKEGÅRDSKULTUR
INVITERAR TIL**

**ÅRSMØTE
FAGDAGAR 2007 I ALTA
29. - 31. august 2007**

Tema:

Kyrkjegarden - effektiv arbeidsplass og tilrettelagt sorgstad

Bilete frå Kålfjord kirke

**ÅRSMELDING OG ÅRSMØTEINNKALLING
PROGRAM OG PÅMELDINGSSKJEMA FOR FAGDAGANE**

FAGDAGAR 2007 I ALTA

Tema: Kyrkjegarden -effektiv arbeidsplass og tilrettelagt sorgstad

ONSDAG 29. AUGUST

- kl. 11.40 Ankomst fly, fellesreis frå Oslo (Norwegian)
kl. 11.45 Registrering
kl. 12.30 **Åpning**
kl. 12.40 **Sett nordfrå** v/biskop emeritus Ola Steinholt
kl. 13.30 Lunsj
kl. 14.30 **Organisering av forvaltning og drift** v/spesialrådgj. Tore Byfuglien, KA
Personalressursar og fagleg utvikling, samarbeid - teamarbeid
kl. 15.15 **Fagleg ansvar og utarbeiding av gode rutinar** v/gravlundskons. Lars Mathisen
Gravlundskontoret - knutepunkt mellom forvaltning og drift
kl. 16.00 **Møte med menneske i sorg** v/kapellan Jan E. Hanssen
Gravferdssektorens kuratiske betydning i samfunnet
Fokus på nære ting. Tid til pårørande?
kl. 17.00 **Kremasjon og urnenedsetting** v/prest Hilde Fylling
Gravferd i to deler? Pårørande og urnenedsettinga
Krematorietilbodet i Nord-Norge v/oppsynsmann Mary Menzoni Iversen
kl. 17.45 Oppsummering og spørsmål
kl. 18.15 **Årsmøte i Kirkegårdsforeningen**
kl. 20.00 Middag på Boazo sami siida


TORSDAG 30. AUGUST

- Tur til Kåfjord og Hammerfest
kl. 08.00 **Avreise** med buss frå hotellet
kl. 08.30 **Besøk på Tirpitz-museet**
kl. 09.15 **Kåfjord kyrkjegard**
kl. 10.00 Avreise frå Kåfjord, guide med på bussen
kl. 12.30 **Besøk på Isbjørnklubben** i Hammerfest (museet)
kl. 13.30 Lunsj på Turistua
kl. 14.30 **Hammerfest kyrkje**, Lark Jan Feste orienterar om Fjordadalen kyrkjegard
kl. 15.30 **Fjordadalen kyrkjegard**
kl. 16.30 Avreise frå Hammerfest, guide med på bussen
kl. 18.30 Ankomst Alta
kl. 20.00 Festmiddag på hotellet med underhaldning

FREDAG 31. AUGUST

- kl. 08.00 **Vakre kyrkjegardar på tross av klima:**
Vakre Islandske kyrkjegardar v/l.ark Lise-Lotte Bjarnadottir
Estetikk på kyrkjegarden, kvardagsetetikk v/l.ark Anita Veiseth
kl. 09.30 **Gjenbruk også i Finnmark?** v/kyrkjeverje Anne-Lise Haakestad
og gravar Geir Inge Winther, Vestvågøy
Fredingstid, ressursbruk gjenbruk/nytt, haldningar
kl. 10.00 **Spørjetime**
kl. 10.30 Kaffimåltid
kl. 11.30 Bussavgang for fellesreise med fly til Oslo
kl. 12.10 Flyavgang for fellesreise til Oslo

Informasjon om stad og pris: Sjå side 11



NORSK FORENING FOR KIRKEGÅRDSKULTUR

ÅRSMØTEINNKALLING

Det blir med dette kalla inn til årsmøte i Norsk forening for kirkegårds-
kultur **onsdag 29. august 2007 kl. 18.15** på Rica Alta hotell, Løkke-
veien 61, Alta

Dagsorden:

1. Konstituering
 - a. Opprop
 - b. Val av dirigent
 - c. Val av to referentar
 - d. Val av to medlemmer som saman med dirigenten skal underskrive protokollen
 - e. Vedtak av dagsorden
2. Årsmelding
3. Rekneskap
4. Fastsetting av kontingent
5. Budsjettforslag
6. Innkomne saker
7. Val av styremedlemmer og varamedlemmer
8. Val av revisor
9. Val av valkomitè
10. Fastsetting av stad for neste årsmøte

SAK 2: ÅRSMELDING

Norsk forening for kirkegårdskultur er ei forening som drives frå Drangedal. Årsmeldinga er for andre halvdel av 2006 og første halvdel av 2007.

Tillitsvalde:

Leiar:	Gunnar Wik, kyrkjeverje i Bergen
Nestleiar:	Harald Geir Sæther, kyrkjeverje i Fusa (valt -06)
Styremedlemmer:	Mary Mentzoni Iversen, oppsynsmann i Harstad (valt -06)
	Johannes Sørhaug, kirkesjef i Porsgrunn (valt -06)
	Naomi Louise Wilde, landskapsarkitekt, Bærum (valt -06)
Vararepr.:	Eirik Stople, gravlundssjef i Stavanger
	Oddny Nordås, avdelingsleiar kyrkjegardskontoret i Bærum
Revisor:	Ernst & Young AS
Valkomité:	Ingeborg Nordlund, kyrkjeverje i Surnadal og Rindal (leiar)
	Odd A. Andersen, kyrkjeverje i Fredrikstad
	Tove Frøvoll Thoresen, rådgjevar Tunsberg bispedømme
Tilsette:	Synnøve Haugstad Sira (75%)
	Bjarne Kjeldsen (50%)

Årsmøtet 2006

Årsmøtet fant stad torsdag 24. august på Haslum menighetshus, Gamle Ringeriksvei 86 i Bærum. Det møtte 53 personar på årsmøtet, 39 av dei hadde stemmerett. Odd A. Andersen blei valt til dirigent. Det stod 11 saker på dagsorden. Framlagt årsmelding for 2005 og første halvdel av 2006 og rekneskap for 2005 blei godkjent, og budsjett for 2007 teken til etterretning.

Styreleiar Gunnar Wik orienterte om grunnlaget for styrets forslag om auke av kontingenten for 2007. Etter ein diskusjon i årsmøtet blei følgjande einstemmig vedteke: Kommunar inntil 10.000 innbyggjarar kr. 1.200 i kontingent. Kontingent elles som styrets forslag.

Framtidig strategi: Styreleiar Gunnar Wik gjekk gjennom det framlagte strategidokumentet. Frå årsmøtet var det innlegg og innspel om kyrkjegardsdatabasen, samarbeidspartnarar, fagleg råd, og om stat/kyrkje-spørsmålet. Det blei også etterlyst ny satsing på krematoriesaker. Desse innspela blei besvart av styreleiar Gunnar Wik, som forsikra at dei ville bli tekne med i styrets vidare arbeid med den framtidige strategisatsinga.

Det blei framsett forslag om at årsmøtet burde velje både leiar og nestleiar kvart år. Forslaget blei sett under avstemming, men falt med kun ei stemme for.

Årsmøtet vedtok strategiplanen, med følgjande endringar:

1) Under "Framover- i same spor og på nye veier" skal siste setning lyde: "Konkret ønsker vi nå å satse på utvikling av kirkegårdsfaglige rådgivnings-

tjenester, kirkegårdsdatabasen, krematoriesaker, og grøntfaglige områder.”
2) Under ”samarbeid med Kirkens Arbeidsgiver- og Interesseorganisasjon (KA) kjem følgjande setning i tillegg: ”Styret gir tilbakemelding om samarbeidet på årsmøtet i 2007.”

Forslag til nye vedtekter: Gunnar Wik og Odd Andersen orienterte om bakgrunnen for forslaget. Årsmøtet slutta seg til styrets forslag til nye vedtekter, men følgjande tilføyning: ”Styret kommer med forslag til medlemmer i faglig råd. Forslaget legges fram på årsmøtet 2007.”

Handlingsplan: Prosjektleiar Bjarne Kjeldsen la fram virksamhetsstrategi og handlingsplan. Årsmøtet slutta seg til styrets forslag til handlingsplan

Val: Gunnar Wik blei gjenvalt som leiar for to år. Johannes Sørhaug (attval) og Naomi Louise Wilde (ny) blei valt til styremedlemmer for to år. Harald Geir Sæther og Mary Menzoni Iversen blei valt for eitt år. Varamedlemmer Eirik Stople og Oddny Nordås. Ernst & Young AS blei valt som revisor.

Sekretariat

Sekretariatet held til i leide kontorlokale på Neslandsvatn i Drangedal i Telemark. Synnøve Haugstad Sira har 75% stilling som kontor- og kursleiar, med kontortid mandag - torsdag kl. 09.00 - 16.00. Kontorleiar fører rekneskapen og er sekretær for styret.

Bjarne Kjeldsen er tilsett som prosjektleiar i 50% stilling. Han har kontor i Kirkens Hus i Oslo.

Arbeidsmiljøet er bra. Det har vore lite sjukefråvær i perioden.

Styrets arbeid

Det er halde fire styremøte i perioden, to i 2006 og to i første halvår 2007.

Det er behandla i alt 48 saker. I tillegg har det vore to arbeidsutvalmøte.

Hovudsakene har vore:

Fagdagar og kurs (eige punkt i årsmeldinga)

Rekneskap og budsjett (eigne årsmøtesaker)

Fagleg råd: (eige punkt i årsmeldinga)

Kyrkjegårdsdatabasen: (eige punkt i årsmeldinga)

Høringsutkast stat/kyrkje: Utarbeiding av høringsutkast som hensyntok det synet som kom fram på årsmøtet.

Sal av varer og tenester på kyrkjegarden: Utarbeiding av anbefaling for handtering av dette spørsmålet for våre medlemmer.

Norsk kremasjonsstiftelse: Bjarne Kjeldsen er oppnemnd som NFK sin representant i stiftelsen.

Internasjonalt samarbeide: (eige punkt i årsmeldinga)

Foreningens medlemmer

	<u>2006</u>	<u>2005</u>	<u>2004</u>	<u>2003</u>	<u>2002</u>
1 Fellesråd / kommunar	383	374	371	372	366
2 Sokneråd	14	15	17	17	20
3 Personlege	84	91	101	109	117
4 Livsvarige	13	15	16	16	17
5 Firma, prostar, biskopar	60	58	56	60	55
6 Æresmedlem	1	1	1	1	1
Sum	<u>554</u>	<u>553</u>	<u>561</u>	<u>574</u>	<u>575</u>

På medlemskap 1 og 5 er det anledning til å ha ekstraabbonentar, slik at medlemslistene i alt viser 1005 adresser.

Faglig råd

NFK har oppretta Faglig råd. Formålet med rådet har vore å skape ein arena for tverrfagleg drøfting av aktuelle kyrkjegardsfaglege problemstillingar, og å stimulere til tettare kontakt mellom aktørane i sektoren. Vidare skal rådet gi NFK sitt styre eit styrka grunnlag for målretta satsing for medlemmer og sektoren generelt.

Rådet består av representantar frå Fagforbundet, KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon, KFO, Norske Landskapsarkitekters forening (NLA), Begravelsesbyråenes Forum - Norge (BFN), Stenindustriens Landsammenslutning (SIL) i tillegg til kyrkjegardskonsulenten og seniorrådgiver i Kirkerådet Per Tanggaard.

Kyrkjegardsdatabasen

Arbeidet for oppretting av ein sentral kyrkjegardsdatabase har vore eit viktig satsingsområde for NFK i denne perioden. Målsetninga er at databasen skal bli ein allsidig ressurs for både lokale forvaltningar, sentrale myndigheter og fagmiljø. Utviklinga av databasen har sitt utspring i den eksisterande kyrkjebyggdatabasen driven av KA. Kyrkjegardsdatabaseprosjektet er eit samarbeid mellom KA og NFK.

Ei sentral deloppgåve har vore å utvikle eit konsept for ein kompetansemodul der brukarane kan få informasjon og rådgjeving innan heile bredda av fagområde i kyrkjegardsforvaltninga. Det er nedsett ei arbeidsgruppe bestående av avdelingssjef Øystein Dahle i KA, kyrkeverje Anne-Lise Haakestad, kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg og landskapsarkitekt Naomi Louise Wilde. Sekretær: Bjarne Kjeldsen

Publikasjonar

Tidsskriftet *Kirkegården* er utkomen med fire nummer i perioden: I september, november, mars og juni. Redaktør er Alf Bergin. Redaksjonsutval: Geir Riise, Helge Klingberg, Synnøve Haugstad Sira og Bjarne Kjeldsen. Vara Arne Eggen.

Faglitteratur for sal: Hefta *Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd*.

Forskrifter, Kirkegårdens ABC, Gravminner i Gudbrandsdal, Idèkonkurranse om formgivning av gravminner og Kirkegårdens dag.

Rapporten *Drift og vedlikehold av kirkegårder -arbeidsforbruk og kostnader.*

Bøkene *Kirkegården -et levende kulturminne* og *Utvidelser og nyanlegg av kirkegårder -håndbok for tiltakshaver.*

Bestillingsskjema ligg på våre nettsider www.kirkegaardskultur.no.

Fagdagar 2006

Onsdag 23.- fredag 25. august var 138 personar samla til fagdagar i Bærum. Årets tema var: Kyrkjegardsforvaltning i møte med det moderne menneskets behov.

Foredrag: *Kva er ein kyrkjegard ifølgje loven?* v/landskapsarkitektane Kirsten Lunde og Geir Pettersen. *Gir gravferdsloven handlingsrom, eller er den moden for revisjon. Trendar -ei analyse av det moderne menneske* v/Ola Gaute Aas Askheim i Opinion. *Trendar i forhold til pårørende sine behov og forventningar* v/Berit Stangeland Hanssen og Sverre Bjønnes. *Ibsen på kyrkjegarden* v/Jan Tharaldsen. *Presentasjon av Bærum sine kyrkjegardar* v/Naomi Louise Wilde. *Kva skjer i kyrkjegards-Norge? Nye gravformer, standardisering av drift* v/Lise-Lotte Bjarnadottir. *Kyrkjegardsøkonomi* v/Trygve Nedland, Øystein Dahle og Bjarne Kjeldsen. *Finansieringsmodell for stell av grav* v/Dagfinn Holte. *Kva er festeavgift* v/kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg. *Sal av gamle gravminne på kyrkjegarden* v/May Kristin Røen. Debatt med tema: *Krav til morgondagens kyrkjegardsforvaltarar.*

Program elles:

Første dagen blei avslutta på Henie Onstad kunstsenter med orientering om Sonia Henie, og så middag på restaurant Bølgen & Moi. Årsmøte på torsdag ettermiddag med etterfølgjande festmiddag med underhaldning av ”Søstrene på Værket”.

Kurs og arrangement

Praktisk kyrkjegardsdrift 19. - 22.september 2006 i Bodø med 28 deltakarar, 31 oktober - 4. november 2006 på Sjømannskyrkjias anlegg El Campanario i Spania med 25 deltakarar, og 20.-23. mars 2007 på Holmavatn Ungdoms- og Misjonscenter i Hå i Rogaland med 27 deltakarar. Kurset er grunnopplæring i kyrkjegardsdrift, og deltakarar var kyrkjegardsarbeidarar, driftsleiarar, kyrkjevevjer og kontorpersonale.

Tema: Lover og reglar for kyrkjegarden, praktisk drift og vedlikehald, gravminne, gravferda, kyrkjegardsteknikk, nyanlegg og utviding, oppdatering av kartverk, gravregistrering, gravfeste, gravlegat, møte med menneske i sorg.

Foredragshaldarar: Kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg, oppsynsmann Jan Lilleheil, gartner Kjell Helge Jåtun, driftsleiar Jan Arild Lunde, prostiprest Odd Eidner, sjømannsprest Steinar Lindvig og sjukehusprest Leif Lie-Bjelland.

Grøntanlegg på kyrkjegarden 13. – 15. februar 2007 i Kristiansand med 30 del-

takarar. Kurset blei støtta økonomisk av Agder og Telemark bispedømmeråd.
Tema: Vegetasjonens betydning på kyrkjegarden, Planteval – langsiktig plan, Jorddekkingsmateriale, Plantearbeid og etablering, Vedlikehald av anlegget, Vedlikehald av veger og plasser, Trepleie, Beskjering av buskar og tre, Gras, Staudar, løk og sommerblomar, Drifts og vedlikehaldsplan, Gruppearbeid: Utarbeiding av beplantingsplan og arbeidsplan for eigen kyrkjegard, Synfaring til Randesund og Oddernes kyrkjegarder og Randesund Planteskole.
Foredragshaldarar: Landskapsarkitekt Hilde Johanne Mangerud og anleggsgartner Morten Bragdø.

Internasjonalt samarbeid

Det nordiske samarbeidet foregår i samarbeidsorganisasjon *Nordiska förbundet för kyrkogårdar och krematorier (NFKK)*. Våre representantar er Gunnar Wik (leiar) og Odd Andersen. Planlegging av nordisk leiarseminar i København 8.-9. oktober 2007. Medlemskap i *Association of Significant Cemeteries in Europe (ASCE)* der Gunnar Wik er styremedlem. Arrangement 20.-22. september i Stavanger der NFK har ansvar for påmelding og fakturering.

SAK 3: REKNESKAP

Styrets forslag til godkjenning av rekneskap for 2006:

INNTEKTER	Rekn. 2006	Budsj. 2006	Rekn. 2005
Kontingentar	330 360	330 000	328 050
Sal publikasjonar og annonsar	229 639	190 000	360 142
Fagdagar, årsmøte	492 705	200 000	315 652
Kurs	739 648	680 000	515 490
Tilskott	100 000	90 000	85 000
Andre inntekter	25 288	2 000	20 808
Renteinntekter	19 365	30 000	16 093
Sum	1 937 005	1 522 000	1 641 235
UTGIFTER			
Publikasjonar	290 929	290 000	575 239
Fagdagar, årsmøte	394 694	180 000	293 510
Kurs	581 087	570 000	472 791
Styreutgifter	81 845	55 000	72 140
Kontor, administrasjon	80 373	72 000	80 479
Nordisk samarbeide	13 342	50 000	73 085
Lønnsutgifter	328 537	290 000	288 823
Prosjektleiar	231 814		0
Andre kostnader	19 561	15 000	25 223
Sum	2 022 182	1 522 000	1 881 290
RESULTAT	-85 177	0	-240 055

BALANSE	2006	2005
EIGEDELAR		
Omløpsmidler:		
Drangedal og Tørdal Sparebank	681 328	618 616
Utestående	43 154	28 401
SUM EIGEDELAR	724 482	647 017
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital:		
Fri egenkapital pr. 1.1	542 289	782 344
Årets resultat	-85 177	-240 055
Sum egenkapital	457 112	542 289
Kortsiktig gjeld:		
Skyldig skatt, avgifter, lønn	52 556	51 859
Annan kortsiktig gjeld	214 814	52 869
Sum gjeld	267 370	104 728
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	724 482	647 017

Revisjonsberetning for 2006


Vi har revidert årsregnskapet for Norsk Forening for Kirkegårdskultur for regnskapsåret 2006, som viser et underskudd på kr 85 177. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift. Årsregnskapet består av resultatregnskap og balanse. Regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av foreningens styre. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av foreningens formuesforvaltning og regnskaps- og interne kontrollsystemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av foreningens økonomiske stilling 31. desember 2006 og av resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk i Norge
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foreningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Kragerø, 15. mai 2007
ERNST & YOUNG AS



Tor O. Andersen
statsautorisert revisor

SAK 4: FASTSETTING AV KONTINGENT

Det foreslås inga endring i kontingenten for 2008.

SAK 5: BUDSJETTFORSLAG

Styrets forslag til budsjett for 2008:

INNTEKTER		UTGIFTER	
Kontingentar	700 000	Publikasjonar	300 000
Sal publikasjonar, annonsar	200 000	Fagdagar, årsmøte	250 000
Fagdagar, årsmøte	300 000	Kurs	410 000
Kurs	500 000	Styreutgifter	75 000
Tilskott	100 000	Kontor, administrasjon	80 000
Andre inntekter	20 000	Nordisk samarbeide	30 000
Renteinntekter	20 000	Utval	15 000
		Lønnsutgifter	340 000
		Prosjektmedarbeidar	320 000
		Andre kostnader	20 000
Sum	1 840 000	Sum	1 840 000

SAK 6: INNKOMNE SAKER

Det er ingen saker inkomne.

SAK 7: VAL AV STYREMEDLEMMER OG VARAMEDLEMMER

Valkomitèens forslag:

To styremedlemmer for to år:

Eirik Stople, gravlundssjef i Stavanger
Tove K. Hansen, kyrkjevevje i Alstahaug

To varamedlemmer for eit år

1. Randi Moskvil Letmolie, kyrkjevevje i Horten
2. Hans Jakob Nes, kyrkjevevje i Molde

SAK 8: VAL AV REVISOR

Styret foreslår gjenval av revisorfirmaet Ernst & Young AS.

SAK 9: VAL AV VALKOMITÉ

Styrets forslag:

Harald Geir Sæther, Kyrkjeverje i Fusa

Mary Mentzoni Iversen, oppsynsmann i Harstad

Ingeborg Nordlund, kyrkjeverje i Surnadal og Rindal

SAK 10: FASTSETTING AV STAD FOR NESTE ÅRSMØTE

Styret foreslår Stavanger i 2008. Byen er forøvrig utnemnd som europeisk kulturby i 2008.

INFORMASJON OM FAGDAGAR 2007

Tid: 29. - 31. august 2007

Stad: Rica Alta Hotel, Løkkeveien 61, Alta

Møteavgift: kr. 2.380. Medlemsrabatt kjem til fråtrekk (sjå nederst på sida)

Overnatting: kr. 3.500 i enkeltrom, full pensjon

kr. 3.100 i dobbeltrom, full pensjon

Ekstraovernatting ved ankomst dagen før:

Enkeltrom kr. 1.035, dobbeltrom kr. 800 pr.pers m/frok

Møtepakke: kr. 1.070 for lunsj og kaffi for ikkje-buande, inkludert

busstur torsdag 30. til Kåfjord og Hammerfest.

Tillegg for middag på Boazo sami siida onsdag kveld

kr. 350, på hotellet torsdag kveld kr. 370

Flyreise: Kr. 1.800 t/r Oslo/Alta, buss til hotellet. Vi har reservert

50 flybilletter som vil bli tildelt fortløpande.

Avreise frå Oslo 29/8 kl 09.40, i Alta kl 11.40.

Retur 31/8 frå Alta kl 12.10 i Oslo kl 14.10

MEDLEMSRABATTAR FOR KURS OG FAGDAGAR

Fellesråd/kommune, firma, proster: 25% rabatt

Sokneråd: 15% rabatt

Personleg medlem: 10% rabatt



B-Economique
NORGE



PÅMELDING

PÅMELDINGSFRIST: 29. juni 2007

Namn:

Stilling:

Fakturaadresse:

-
- Møtepakke (for dei som ikkje skal bu på hotellet).
Inkludert busstur torsdag til Kåfjord og Hammerfest
 - Middag onsdag kveld på Boazo saami siida
 - Middag torsdag kveld på hotellet

Bestilling av hotellrom med full pensjon:

- Enkeltrom
 - Dobbeltrom saman med.....
- Ekstraovernatting m/frokost 28.-29. august:**
- Enkeltrom
 - Dobbeltrom saman med.....

Informasjon og priser står på side 11, programmet står på side 2

Stadfesting av påmelding blir sendt fakturaadressen ca. to veker før møtestart, med program, faktura på møteavgift og hotellopphald / møtepakke.

Avmelding: Ved avmelding 10-3 dagar før kurset må 50% av møteavgifta betalast. Ved avmelding 3-0 dagar før må heile møteavgifta betalast. Gjeld også ved sjukdom.

Send påmeldinga innan 29. juni til:

Norsk forening for kirkegårdskultur

Neslandsvatn, 3750 Drangedal

Tlf. 35 99 45 74 faks 35 99 45 73, e-post: post@kirkegaardskultur.no
Eller bruk påmeldingsskjemaet på nettsida: www.kirkegaardskultur.no